

Uttale

04 APR 2019

Lindås kommune

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

02.04.19

Uttale til klage fylkesmannen sin referanse 2018/1092. Referanse 18/2987 – 19/9390.

Frå Lindås kommune har eg i brev datert 27/03-2019 fått oversendt til uttale fylkesmannen sin klage over kommunen sitt vedtak i sak 018/19 – søknad om oppretting av ny grunneigedom med eksisterande bustad gbnr164/1.

Eg forstår dette slik at eg skal komme med synspunkt på vedtaket/grunngjevinga som fylkesmannen har gjort i denne saka. Frist for å komme med uttale er sett til 17.04.2019.

Lindås kommune gjorde vedtak om at eg skulle få løyve til å dele frå dette bustadhuset. Eg er glad for det vedtaket, og er samd i den vurderinga som kommunen har gjort av tilhøva i saka.

Slik eg les fylkesmannen sitt vedtak meiner han at deling slik eg har søkt om, vil «føre til uheldig oppdeling» av jordbrukseigedommen. Vidare vil fylkesmannen rekne at huset på frådelt tomt kan føre til driftsulemper for landbruket i eit langtidsperspektiv. På bakgrunn av dette meiner han at omsyna bak arealdelen i kommuneplanen vert sett vesentleg til side, og han meiner det ikkje er overvekt av grunner som talar for tiltaket.

Han er redd for at å seie ja vil undergrave kommuneplanen som styringsverktøy?

For meg ser det ut til at argumenta er heilt generelle og ikkje vurdert opp mot den konkrete saka i det heile?

Eg vil peike på følgjande:

- Omsynet i LNF områda er til landbruk, natur og friluftsliv. Eg dreiv denne garden fram til om lag 1990. Etter det har ein nabo nytta jorda til beiting. No er det ingen som nyttar jorda, delvis av di tilhøva for landbruk hjå oss ikkje er dei aller beste. Men det må vere heilt klart at dersom jorda ikkje vert nytta, hjelper det lite at området har status som LNF. Landskapet vil gro att og kulturlandskapet forsvinne. Dersom deling slik det er søkt om kan gjennomførast, er det truleg at drifta vert teken opp att av unge folk. Det må vere det beste for å sikre omsyna bak arealdelen i kommuneplanen?
- Eg kan ikkje sjå at tiltaket vil dele opp eigedommen. Huset ligg heilt i den sør austre ytterkanten av eigedommen. Det ligg attmed eit anna hus som står på frådelt tomt. Vegar og driftstilhøve for jorda vert ikkje råka. Huset ligg på eit platå i terrenget og fulldyrka jord rett nedanfor kan vere i drift utan at det vert konflikt med hus på tomt. Huset står alt på staden og i realiteten vert det inga endring bortsett frå at huset kan seljast til andre når eg ikkje lenger kan nytte det.
- Fylkesmannen reknar med driftsulemper i eit langtidsperspektiv? Dette synes eg er lite konkret og ber preg av at han ikkje har vurdert den saka

det gjeld. Driftsulempene på dette bruket er at det er særst bratt og til dels ulendt slåttemark. Det er dette som speglast i at jorda har gått ut av bruk og at alt driftsapparat er gammalt. Om ein fekk unge folk inn på eigedommen, kunne dei drive med sau (kanskje utegangar), og slik sett kunne både innmark og utmark nyttast på det viset som høver best. Å sette dette på vent av redsel for ein tenkt ulempe i ei fjern framtid, vil etter mitt skjøn bidra til at heile eigedommen over tid går tapt som landbruk.

Etter mitt skjøn må styring vere å sikre at landbruket som næring kan halde fram sjølv på såpass svake eigedommar som min. Då må styringa innebere at ungdommen kan sleppe til. Potensialet for inntening i landbruket er lite og ein eigedom med to bustadhus vert for stort økonomisk løft. Då vert det til at det ikkje går an for dei unge å gå i gang med drifta.

Vonar med dette at Lindås kommune står på sitt vedtak og at fylkesmannen vil sjå at deling er eit pluss og ikkje eit minus for landbruket?

Venleg helsing

Rune Seim

